

5500 år gammel mote

Korleis var moten for over 5000 år sidan? Sjå den eldste kjolen i verda.

AV IRENE INMAN TJØRVE | PUBLISERT 1. JUN. 2017 | OPPDATERT 28. JAN. 2020

Bilde av en 5500 år gammel kjole.

Tarkhan-kjolen er det eldste vovne plagget vi veit om. Kjolen er voven av lin. Foto: Petrie Museum of Egyptian Archaeology/UCL.

Den eldste kjolen i verda blir kalla Tarkhan-kjolen og er mellom 5100 og 5500 år gammal. Han vart funnen i ei egyptisk grava og er det eldste vovne klesplagget vi veit om. Kjolen er voven av lin. Det er veldig få klesplagg laga av plantefibrar eller dyreskinn som ikkje blir øydelagde av aldring. Og det er svært sjeldan å finne slike plagg som er meir enn 2000 år gamle.

Dyktig handverk

Kva kan Tarkhan-kjolen fortelje oss? Kjolestoffet er vove av tynne, fine fibrar. Tøyet er klipt til og formsydd med vakre saumar, og delar av stoffet har fine foldar. Det fortel at kjolen er laga av ein svært dyktig handverkar. Slike spesialistar fins vanlegvis i større, velståande samfunn, og det var nok berre dei rike som hadde råd til å skaffe seg slikt eit fint plagg. I egyptiske gravkammer er det teikningar av overklassefolk med slike kjolar på. På lista over gjenstandar dei tok med seg i grava, står teiknet for "kjole", saman med andre nødvendige ting, som mat og sminke. Så dei hadde nok tenkt å pynte seg livet etter døden!

KRLE OG HISTORIE HISTORIE

Meldinger ved utskriftstidspunkt 14. mars 2025, kl. 04.19 CET

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.